

Referat

Studieprogramråd for bachelor i sjukepleie, campus Førde

Møtedato: 6. mars 2019 kl. 09:00-11:00 Møterom: Hulda

Deltakarar: Anny Aasprang fagseksjonsleiar, Inger Oline Bruland fagleg representant, Aud Berit Fossøy fagleg representant, Terese Bjordal fagleg representant, Øystein Brekke Skjelvan studentrepresentant, Thomas Storehaug Øren studentrepresentant, Marianne Midtbø Husebø studentrepresentant, Berit Ullebust eksternt medlem, Hilde Loe Reed eksternt medlem, Siri Munch Wahl studierettleiar (referent)

Tilstande: Anny Aasprang, Inger Oline Bruland fagleg, Aud Berit Fossøy fagleg, Terese Bjordal fagleg, Øystein Brekke Skjelvan, Siri Munch Wahl

Meld forfall: Thomas Storehaug Øren og Marianne Midtbø Husebø

| Sak | Dokument | Kva skal skje i møtet? | Prosess | Ca. tid |
|--|--|---|---|---------|
| 1/19 Godkjenning av innkalling og saksliste | | Innkalling og saksliste skal godkjennast med evt. kommentarar | Fagseksjonsleiar | 2 min |
| Referat: Ingen kommentarar til innkallinga. Sakslista blei godkjent. | | | | |
| 2/19 Etablering av Studieprogramråd | Vedlegg: Studieprogramråd ved FHS | Gjennomgang av mandat for Studieprogramrådet Medlemmar presenterer seg og seier noko om forventningar til arbeidet til Studieprogramrådet. | Fagseksjonsleder innleier og orienterer | 20 min |
| | | | | |

Referat:

Kvart medlem presenterte seg for resten av rådet. Meldlemmane hadde følgande forventingar:

- Studieprogramrådet skal bidra til tillitsfulle dialogar og bidra med faglege, nyttige innspel.
- Studieprogramrådet må bli ein pådrivar for kvalitetsarbeidet i bachelorutdanninga.
- Studieprogramrådet skal vere eit nyttig fora der studentrepresentantar frå kvart studieår er representert og møtast

Fagseksjonsleiar orienterte vidare om mandatet for studieprogramrådet. Mandatet er felles for alle studieprogramråda der medlemmane skal bestå av studieprogramansvarleg (fagseksjonsleiar ved campus Førde), faglege tilsette, studentrepresentantar frå kvart studieår, eksterne representantar og administrativ tilsett. Alle medlemmane skal ha vara. Fagseksjonsleiar leiar møte. Studieprogramrådet skal diskutere og drøfte saker, samt gi råd i saker som leggst fram under møta.

| | | | | |
|---|--|---|----------------------------|--------|
| 3/19 Gjennomgang av Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning | Vedlegg: <ul style="list-style-type: none"> • Rammeverket • Kvalitetshåndboken | Gjennomgang av rammeverket <ul style="list-style-type: none"> • Kvalitet i emne • Kvalitet i studieprogram • Kvalitet i studieportefølje | Siri Munch Wahl orienterer | 10 min |
|---|--|---|----------------------------|--------|

Referat:

Siri viste til kvalitetshåndboka på HVL sin nettside, og orienterte kort om fokuset på kvalitetsarbeidet på emnenivå, studieprogramnivå og i studieportefølje. Bachelor i sjukepleie ved campus Førde har gode innarbeida rutinar for systematisk evaluering av kvalitet i alle ledd. Referansegrupper, fagutval eller møte med heile kullet er i det nye kvalitetssystemet etablert som sentralt i midtveis- og sluttevaluering av emnar. Referat frå disse møta må dokumenterast, leggst ut på Canvas og sendast til fagseksjonsleiar. I kvalitetshåndboka finnast det ein eigen mal til referat for disse møta. Oppsummering av emne kan ein velje å gjennomføre dialogmøte med emneansvarleg eller at emneansvarleg skriver ein emnerapport. Dette må også dokumenterast i form av eit referat.

Fagseksjonsleiar orienterte kort om kvalitetsarbeidet rundt den årlege revisjonen av studieplanen jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet §3-2(4). Det har ikkje vore mogleg for studieprogramrådet å gi innspel på revideringsarbeidet dette studieåret da fristen for endring frå emneansvarleg nå er ute. Fagseksjonsleiar måtte godkjenne alle emnar før 15.02.19, og vidare vil dekan godkjenne emna innan 15.03.19. Innspel på emneplanane i den nye studieplanen vil vere aktuell sak i neste møte på hausten.

| | | | | |
|--|--|-------------------------------|------------------------------|--------|
| 4/19 Presentasjon av studieprogram og | | Informasjon om studieprogram. | Fagseksjonsleiar presenterer | 15 min |
|--|--|-------------------------------|------------------------------|--------|

| | | | | |
|--|--|---|-----------------------------|--------|
| emneplaner for studieåret 2019-2020 | | | | |
| <p>Referat:</p> <p>Fagseksjonsleiar presenterte den nye felles studieplanen for sjukepleieutdanninga ved HVL studieåret 2019-2020. Power Point presentasjonen som ligg vedlagt er utgangspunktet for arbeidet som er gjort og går føre seg i disse dagar. Ein felles studieplan inneber at alle emnar skal vere like med felles emneplanar på tvers av campusar. Kwart studieår skal innehalde dei same emna med dei same læringsutbytta, men rekkefølja kan variere frå campus til campus så lenge alle emnar avsluttast same studieår. Arbeidskrav skal ha same form og tal, men fagpersonell har pedagogisk fridom til å variere innhaldet. Sluttvurderinga skal vere av same type og felles eksamen må samkøyrast i forkant av gjennomføring av emnet. Fagseksjonsleiar orienterte om at alle emnar skal ha 7,5 eller 15 studiepoeng. Vidare blei utkast til emnar i kvart studieår presentert. Det var ulike meiningar om rekkefølja på anatomiemne og sjukdomslæreemne i første studieår, men denne vil i stor grad vere regulert av nasjonal eksamen i anatomiemne. Mikrobiologi vil bli ståande som ein eigen eksamen ved campus Førde. Felles Ex.Phil emne vil samle ulike tema frå allereie eksisterande fag, der 5 stp. skal vere generelt for alle helseutdanningane på HVL og 2,5 stp. med profesjonsretta fokus mot sjukepleie.</p> <p>Ved førebels utkast av andre studieår blei det orientert om eit forslag om å slå saman det valfrie emne med helsefremmande/førebyggjande helsearbeid til 15 stp. emne(emne-nr. 9 og 10 i power point presentasjonen), der ein heller har valfri fordjupingsretning innanfor helsefremmande arbeid. Det er ikkje vedtatt om dette skal vere eitt eller to emnar. Rådet påpeikar at koplinga mellom det valfrie emne/fordjupingsretning og bacheloroppgåva blir viktig. Avslutningsvis i presentasjonen blei inndelingsmodellen for arbeidsgruppene presentert. Fargene framhevar progresjonen i læringsutbytta mellom sjukepleiefaga både i teori og praksis. Frå Førde har følgande personer vore representantar i utarbeidinga av emneplanar: Torill Fjørtoft (gul), Ole Kleiven (grå), Lars Kyte (grøn), Aud Berit Fossøy (turkis) og Pål Andre England (rosa). Frå rådet vart det spilt inn forslag om meir teori knytt til grunnleggande psykisk helsearbeid i første studieår.</p> <p>Ny felles studieplan er planlagt publisert 1 mars 2020.</p> | | | | |
| 5/19 Rethos-arbeidet | Vedlegg: Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningar | Nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane. Skissering av arbeidet så langt | Fagseksjonsleiar orienterer | 15 min |
| <p>Referat:</p> <p>Fagseksjonsleiar orienterte kort om nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane (RETHOS). Dei ulike rammeplanane (der sjukepleie er ein av åtte) utgår til fordel for ein Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialutdanningar. Frå studieåret 2020-2021 må HVL følge denne forskrifta og retningslinjene. Så langt har KD utarbeida 12 felles læringsutbyttebeskrivingar for alle helse- og sosialutdanningane jf. § 2. Retningslinjene skal blant anna innehalde læringsutbytterivingar i tråd med nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og krav til studiets oppbygging, medrekna eksterne praksisstudiar. Forskrifta inneheld også § 3 om praksisstudiar, der</p> | | | | |

praksisrettleiar skal ha relevant fagleg kunnskap og formell rettleiingskompetanse. Rådet påpeika dette punktet som særleg viktig. Fagseksjonsleiar orienterte vidare om at campus Førde tidlegare har heldt 2-dagers kontaktpersonkurs for kommunar i omland. Dato for nye kurs denne våren er allereie satt. Berit Ullebust, tilsett ved USHT Sogn og Fjordane, og Hilde Loe Reed, tilsett ved psykiatrisk klinikk og leiar for psykososial støtte ved Førde Sentralsjukehus, opplyste om at de kan bidra med å spreie informasjon om kursa.

Proessen rundt RETHOS-arbeidet skal ivareta høgskulens faglege fridom med omsyn til pedagogisk metode og undervisningsform.

| | | | | |
|------------------------------------|--|---|---|--------|
| 6/19 Studiebarometeret 2018 | Vedlegg: Informasjon og oppfølging i FHS Studiebarometeret 2018 sjukepleie heiltid og deltid | Studieprogramrådet bes om å gi innspel til vidare oppfølging av Studiebarometeret | Fagseksjonsleder innleier og orienterer | 30 min |
|------------------------------------|--|---|---|--------|

Referat:
 Fagseksjonsleiar gjekk igjennom overordna resultat frå studiebarometeret for deltid og fulltid bachelor i sjukepleie. I 2018 var svarprosenten på 51% på fulltid og 39% på deltid.
 Kommentar: I 2018 blei studiebarometeret gjennomført midt i eksamensperioden. Mange studentar opplevd tidspunktet som uheldig og nedprioriterte barometeret.

DELTID: er veldig godt nøgde og scorar høgare enn nasjonalt gjennomsnitt. Deltid er spesielt nøgde med:

- Studieprogrammet si evne til å inspirere (4,6)
- Yrkesrelevans (4,6)
- Vurderingsformar (4,6)
- «I kva grad meiner du at studieprogrammet er fagleg utfordrande» (5,0)

Dei scorar lågare (3,9) på organisering av studieprogrammet. Fagseksjonsleiar informerer om at dette kan skyldast at vekene i årsplanen ikkje tidlegare har vore definert klart nok for studentane. Tiltak som tydeleggjer kva studentane kan forvente i sitt studieløp skal setjast i verk.

FULLTID: er godt nøgde og følgjar den nasjonale trenden – og scorar i tillegg over nasjonalt gjennomsnitt på fleire område. Fulltid har tilegare scora høgt på barometeret, men går noe ned i 2018. Fagseksjonsleiar kommenterer at nedgangen kan skyldast endringsproessen rundt det å byggje HVL. Fulltid er spesielt nøgde med:

- Vurderingsformar (4,0)

- Studieprogrammet si evne til å inspirere (3,9)
- Praksis (3,9)
- Yrkesrelevans (3,9)

Fulltidsstudiet er mindre tilfreds med lokalane for undervising og anna studiearbeid (2,8). Dette er kjende for fagseksjonsleiar og andre fagtilsette. Det er planlagt å jobbe fram ein avtale med sentralsjukehuset for lån/moglegheit for reservasjon av lokalar. Fagseksjonsleiar påpeika i tillegg at studentane er mindre tilfreds med det sosiale miljøet på studieprogrammet, som i framtida må følgast nøyare opp. Studentanes sosiale miljø skal diskuterast med tillitsvalde for å undersøke nærmare kva dette kan skyldast, og kva tiltak som kan settast i verk. I tillegg blir det eit viktig tema på møter med emneansvarlege.

| | | | | |
|---------------------------|-----------------------------------|--|-----------------------------|--------|
| 7/19 Orienteringar | Vedlegg: FHS organisasjonskart | <ul style="list-style-type: none"> • FHS organisasjonskart • Studentane orienterer om studentråd og tillitsvalarbeid i FHS | Fagseksjonsleder orienterer | 10 min |
|---------------------------|-----------------------------------|--|-----------------------------|--------|

Referat:

Fagseksjonsleiar orienterte kort om fakultetets oppbygging. Bachelor i sjukepleie ligg under institutt for helse- og omsorgsvitenskap.

| | | | | |
|-----------------------|--|------------|--|-------|
| 8/19 Eventuelt | | Neste møte | | 5 min |
|-----------------------|--|------------|--|-------|

Referat:

Neste møte i studieprogramrådet vil bli i september der blant anna innspel på emneplanane i den nye studieplanen vil vere ei viktig sak.

Siri sender innkalling i august og brukar Doodle for avstemming om møtedato og tidspunkt.

Sak 2/19 Etablering av Studieprogramråd

Oppretting av studieprogramråd ved FHS

18.01.2019 Notat frå prodekan utdanning Anne-Grethe Naustdal

Leiargruppa ved FHS har no gjort vedtak om kva studieprogramråd FHS skal ha frå 2019.

Det fyrste framlegget til studieprogramråd ved FHS er revidert i høve dei innspel som kom frå fagseksjonsleiarane.

Endringane frå fyrste forslag er at det vert eit studieprogramråd for kvar av sjukepleieutdanningane i Bergen (heiltid og desentralisert deltid). Jordmord og helsesjukepleiar er oppdelt i kvart sitt studieprogramråd og det same er master i Klinisk helse- og omsorgsvitenskap og master i Samhandling. FHS får med dette 21 studieprogramråd. Studieprogramråda vil bli endra etter kvart som vi utviklar og samkjører studieprogramma våre.

Kvalitetshandboka er publisert og mandat fog samansetjing av råda inklusiv årshjul for kva saker som bør behandlast når, finn ein her: <https://www.hvl.no/om/kvalitet-i-utdanningane/kvalitet-i-studieprogram/>

Det vert no utarbeidd ei oversikt over leiing og administrasjon knytt til kvar av studieprogramråda. Her vil det måtte bli justeringar etter kvart som vi får på plass heile administrasjonen (er ledige stillingar).

Studieprogramråd ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Institutt for helse og funksjon

- A. Studieprogramråd for bachelor i Ergoterapi
- B. Studieprogramråd for bachelor i Fysioterapi
- C. Studieprogramråd for bachelor i Radiografi
- D. Studieprogramråd for master i Klinisk fysioterapi
- E. Studieprogramråd for master i Healthy Ageing and Rehabilitation

Institutt for helse - og omsorgsvitenskap

- F. Studieprogramråd for bachelor i Sjukepleie heiltid, Bergen (ut 2021)
- G. Studieprogramråd for bachelor i sjukepleie, deltid, bergen (ut 2021)
- H. Studieprogramråd for bachelor i Sjukepleie, Førde (ut 2021)
- I. Studieprogramråd for bachelor i Sjukepleie, Haugesund og Stord (ut 2021)
- J. Studieprogramråd/referansegruppe for ny sjukepleieutdanning frå 2020
- K. Studieprogramråd for master i Jordmorfag
- L. Studieprogramråd for Helsesjukepleie (helsesøster)

- M. Studieprogramråd for master i Klinisk sjukepleie
- N. Studieprogramråd for master i Klinisk helse- og omsorgsvitenskap
- O. Studieprogramråd for master i Samhandling innan helse- og sosialtenester

Institutt for velferd og deltaking

- P. Studieprogramråd for bachelor i Barnevern
- Q. Studieprogramråd for bachelor i Sosialt arbeid
- R. Studieprogramråd for bachelor i Vernepleie*
- S. Studieprogramråd for master i Samfunnsarbeid
- T. Studieprogramråd for master i Psykisk helse- og rusarbeid og tverrfagleg vidareutdanning i Psykisk helsearbeid og vidareutdanning i Rusproblematikk og rusarbeid (her vert fagseksjonar ved to institutt involvert)

Senter for kunnskapsbasert praksis

- U. Studieprogramråd for master i kunnskapsbasert praksis i helsefag

Representantar frå referansegruppene som jobbar med nye studieplaner for bachelorstudiane vidareførast til studieprogramråd der det er mogleg.

Vidareutdanningar som byggjer på ein bachelorgrad og er ein del av ordinær studieportefølje (unntak for betalingsstudiar), knytast opp til studieprogramråd innan tilhøyrande fagseksjon for master/EVU.

Oversikten over etter- og vidareutdanningar pr.d.d. ligg her:

<https://www.hvl.no/studier/studieprogram/etter-og-vidareutdanning>

Sak 6/19 Studiebarometeret 2018 – Oppfølging

Til fagseksjonsleiarane

Informasjon om oppfølging av Studiebarometeret 2018 i fakultetet

Resultata (pdf) av Studiebarometeret 2018 er lagt inn i Teams: *Studieprogramråd FHS*, i mappa tilhøyrande dei ulike Studieprogramråda.

Resultata må diskuterast i dei enkelte fagmiljø. Fagseksjonsleiar er ansvarleg for å setje Studiebarometeret på dagsorden i fagseksjonsmøte og i Studieprogramrådet. Fokus må rettast mot område som har fått låg samla skår (markert med raudt og orange). Utdanninga må og sjå til samla resultat for 2017. Er det nokre forbetringar av område som var raud og orange i 2017?

Fagseksjonsleiar er ansvarleg for at det lagast ein tiltaksplan som syner korleis utdanninga vil følge opp resultata. Resultata og tiltaksplan for oppfølging må presenterast for Studieprogramråda som skal ha sitt fyrste møte innan 15. mars. Studieprogramråda vil gje gode innspel til fagseksjonsleiar.

Frist for å ferdigstilla tiltaksplan er 25. mars. Planen leggst inn i Teams: i ei eiga mappe med namn: *Tiltaksplanar Studiebarometeret 2018*.

Utdanningsutvalet FHS skal i møte 20. mai presentera ein samla tiltaksplan for fakultetet. Tiltaksplan og oppfølging i fakultetet vil og behandlast i leiargruppa FHS, meldast til prorektor for utdanning og inngå i ei orienteringssak til styret i møte 9.mai.

Organisasjonskart

Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS)



